



DELÅRSRAPPORT 4. kvartal 2012

Voss, 22. januar 2013
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

FØREBELS ÅRSREKNESKAP 2012

FRAMLEGG OM 45 KR I UTBYTTE

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har handsama førebels årsrekneskap for 2012. Innteninga på ordinær bankdrift er god. Banken har i haust konvertert alle IT-system frå Evry til Terra, noko som har ført til auka driftskostnader. Avkastninga på banken sine finansplasseringar var positive i 2012, medan ein for 2011 gjekk omtrent i null.

Banken syner ein auke i resultat før skatt på 2,8 mill. kr til 27,9 mill. kr, mot 25,1 mill. kr året før. Resultatet utgjer 0,85% av gjennomsnittleg rådveldekapital, mot 0,83% for 2011. Etter skatt er resultatet i år 20,9 mill. kr, mot 17,4 mill. kr. i 2011, som i % av gjennomsnittleg rådveldekapital utgjer 0,63%, mot 0,58% i 2011.

Styret i banken gjer framlegg om å utbeta 45 kr i utbytte pr. aksje for 2012, mot 40 kr i fjor.

Sjølv med sterk konkurranse om kundane, noko som set press på rentemarginen, og framleis høge fundingkostnader, opplever banken ei god utvikling i den ordinære bankdrifta. Veksten siste året er i utlåna 7,5%, innskota 6,1% og rådveldekapitalen 6,2%. Veksten skuldast gode og stabile tilhøve i nærmarknaden vår. Satsinga vår på å vera ein menneskeorientert bank med lite gebyr og høgt servicenivå, har resultert i god tilgang på nye kundar. Vidare har medlemsavtalen med Terra Forsikring komplettert produkt- og tenestespekteret vårt. Vi leverer gode totalprodukt, noko kundane set pris på.

Vi bokfører netto rente- og kreditprovisjonsinntekter ved utgangen av 2012 på 70 mill. kr, ein auke på 6,3 mill. kr i forhold til 2011. Rentenettoen i 2012 er auka til 2,13% av gjennomsnittleg rådveldekapital, frå 2,12% i 2011.

Hovudindeksen på Oslo Børs er auka med omlag 16% i løpet av 2012. Totalt vart resultatet av bokført netto utbytte, vinst og verdiendringar på verdipapir i handelsporteføljen 3,8 mill. kr, mot inntektsføring på 0,02 mill. kr i fjor.

Totale driftskostnader er auka med 5,7 mill. kr til 46,2 mill. kr, noko som er i underkant av budsjettet for 2012. I samband med at banken i haust konverte alle IT-system frå Evry til Terra, har banken kostnadsført omlag 5,5 mill. kr i 2012. Resterande kostnader i samband med nye IT-løysingar er aktivert som immaterielle eignelutar og vil verta avskrive over dei neste 5 åra. I prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital er driftskostnadane i 2012 1,40% mot 1,34% i 2011.

I 2012 bokfører banken nedskrivningar på utlån og garantiar med 3,1 mill. kr, mot 2,5 mill. kr i 2011. Av kostnadsføringa skriv 0,8 mill. kr seg frå auke i nedskrivningar på grupper av utlån. Konstaterte tap i 2012, som tidlegare er nedskrive, utgjer 0,5 mill. kr, mot 5,1 mill. kr i 2011.

Summen av misleghaldne og netto tapsutsette engasjement i prosent av brutto utlån har vorte auka frå 2,43% til 3,00%. Styret føler seg trygg på at nedskrivningane som er føreteke på utlån er tilstrekkelege, ut frå den risiko som ligg i engasjementa. Samla individuelle nedskrivningar på utlån utgjer 0,97% av brutto utlån, i tillegg utgjer gruppevis nedskrivningar 0,62%.

Den jamne gode veksten i rådveldekapitalen held fram. Auken i år er på 196 mill. kr, eller omlag 6,2%, og rådveldekapitalen pr. 31.12.12 er 3.377 mill. kr.

Veksten i innskota i 2012 er banken godt nøgd med. Innskot frå kundar har auka med 129 mill. kr til 2.232 mill. kr, eller 6,1%. Innskot utgjer 78,4% av brutto utlån, mot 79,3% ved førre årsskiftet.

Samla brutto utlån til kundar ved utgangen av 2012 er 2.849 mill. kr mot 2.651 mill. kr i fjor, ein vekst i år på 198 mill. kr eller 7,5%. Den gode veksten i utlåna syner at banken sjølv med stor konkurranse i marknaden, har vilkår som kundane våre finn tenlege.

Resultatet for 2012 fører til at banken styrker eigenkapitalen med 20,9 mill. kr, og bokfører ein samla eigenkapital ved årsskiftet på 308 mill. kr. Eigenkapitaldekninga ved utgangen av året er 19,19%.

Ved børsslutt 31.12.12 var kurseren på banken sine aksjar 1.950 kr. Resultat i år utgjer 220 kr pr. aksje, medan matematisk verdi på aksjen er 3.243 kr.

I bygda er det framleis god aktivitet. I 2012 arrangerte Voss både NM på ski og Landsskyttarstemne. Store arrangement som publikum slutta opp om, og som gav bygda vår nasjonalt ry som dyktig arrangør. Hytte- og fritidsmarknaden er framleis i vekst, og me må vera stolte av at så mange utanbygds folk er interessert i å investera i fritidseigedom, som gjev godt arbeid og høg aktivitet i bygda vår. Forbruket held seg framleis på eit høgt nivå og investeringslysta er god blant verksemndene.

I slutten av 2012 konverterte banken alle IT-system over til Terra-Gruppen sine løysingar. Sjølve konverteringa gav oss nokre uforutsette utfordringar. Prosessen har vore lærerik for dei tilsette som har tilegna seg mykje nyttig kunnskap. Banken hadde som målsetjing at konverteringa skulle vera til minst mogeleg bry for kundane. Diverre har dei opplevd noko vanskar i overgangen til nye system, men det er positivt å sjå at ting går seg til etter kvart. Den nye nettbanken vår har eit høgare tryggleksnivå enn tidlegare, og gjev og kundane høve til å ta i bruk ”app” på nye mobiltelefontypar. Vi ser alle fram til vidare utvikling av Terra sine kunderetta system.

Som fullverdig medlem av Terra-Gruppen, ein allianse eigd av 77 sjølvstendige og konkurransedyktige bankar og OBOS (Oslo Bustad- og Sparelag), ser Vekselsbanken fram til eit fellesskap som vil vera ein styrke for oss frametter. Terra-Gruppen leverer kostnadseffektive tenester og produkt som våre kundar etterspør. Vi kjerner vårt marknadsområde godt, og er såleis veldig lik majoriteten av Terra-bankane i si tilnærming til den lokale marknaden. Valet av Terra-Gruppen gjev banken større grunnlag for framtidig lønsam vekst til beste for kundane våre.

Vi gler oss til VM i Freestyle i vinter, og er stolt på bygda sine vegne av at Voss Skiskyttarlag er vald som arrangør av NM i skiskyting vinteren 2014. Desse store nasjonale og internasjonale arrangementa skapar entusiasme og liv i bygda vår. Banken har tildelt arrangementa store midler, samstundes som vi er aktive i finansieringa av anlegga. Dette vil koma heile bygda til gode i mange år framover.

DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2012

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA syner eit resultatet før skatt i 4. kvartal på 5,7 mill. kr mot 8,7 mill. kr i 4. kvartal i fjor. Resultatet tilsvrar 0,68% i år, mot 1,13% i fjor av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet. Etter skatt er kvartalsresultatet 3,9 mill. kr, mot 7,0 mill. kr i fjor. Dette tilsvrar 0,47% i år og 0,91% i fjor av GFK i kvartalet.

Pr. 31.12.12 syner resultat før skatt ein auke på 2,8 mill. kr til 27,9 mill. kr (0,85%) mot 25,1 mill. kr (0,83%) ved årsskifte i fjor.

RENTEMARGIN

I 4. kvartal er netto renteinntekter auka med 2,7 mill. kr til 19,3 mill. kr, samanlikna med 4. kvartal i fjor. I % av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet er rentemarginen 2,30% mot 2,13% i 4. kvartal i fjor.

For året sett under eitt, er netto renteinntekter auka med 6,3 mill. kr til 70,2 mill. kr (2,13%) mot 63,9 mill. kr (2,12%) pr. 31.12.11. Sjølv med stor konkurranse i rentemarknaden og reduserte marginar på banken sin overskotslikviditet er banken godt nøgd med at rentemarginen held seg godt over 2%.

INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Utviklinga på Oslo Børs har vore svakt negativ i 4. kvartal, spesielt samanlikna med 4. kvartal i fjor, og banken har kostnadsført verdiendringar på verdipapirporteføljen med 1,2 mill. kr, mot ei inntektsføring 2,9 mill. kr i 4. kvartal i fjor.

Hittil i år har hovudindeksen på Oslo Børs stige med om lag 16%. Banken inntektsfører netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar på verdipapirporteføljen med 3,8 mill. kr mot ei inntektsføring på 0,02 mill. kr ved årsskiftet i fjor.

DRIFTSKOSTNADER

I 4. kvartal i år er driftskostnadane på 12,2 mill. kr, mot 10,1 mill. kr i 4. kvartal i fjor. I % av GFK i kvartalet er driftskostnadane på 1,45%, mot 1,29% i fjor.

Pr. 31.12.12 er driftskostnadane på 46,3 mill. kr mot 40,5 mill. kr i fjor, noko som er i underkant av budsjett for 2012. Pr. 31.12.12 er det samla kostnadsført om lag 5,5 mill. kr. i samband med konvertering til Terra. Resterande kostnader i samband med datakonverteringa er aktivert som immaterielle eignelutar, og vil verta avskrive over dei neste 5 åra.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 4. kvartal har banken tapsført 0,7 mill. kr, mot tapsføring på 1,5 mill. kr i fjor.

Samla netto misleghaldne engasjement ved utgangen av 4. kvartal i 2012 er på 31,8 mill. kr mot 24,2 mill. kr pr. 31.12.11. I % av brutto utlån utgjer dette 1,12% pr. 31.12.12, mot 0,91% pr. 31.12.11. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

RÅDVELDEKAPITAL

I 4. kvartal er rådveldekapitalen auka med 44 mill. kr eller 1,33%. Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 196 mill. kr eller 6,17%

INNSKOT

I 4. kvartal er innskota auka med 98 mill. kr eller 4,6%. I 4. kvartal i fjar auka innskota med 114 mill. kr som tilsvarte 5,7%.

Pr. 31.12.12 er innskot frå kundar på 2.232 mill. kr mot 2.103 mill. kr pr 31.12.11, ein auke på 129 mill. kr eller 6,1%.

Innskotsdekninga frå kundar held seg på eit høgt nivå, og var ved utgangen av 4. kvartal 78,37% av brutto utlån, mot 79,3% på same tid i fjar.

UTLÅN

I 4. kvartal har banken ein reduksjon i utlåna på 8 mill. kr, eller 0,3%.

Ved utgangen av året er brutto utlån til kundar 2.849 mill. kr mot 2.652 mill. kr i fjar, ein auke for året på 197 mill. kr eller 7,5%. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

LIKVIDITET

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.232 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Banksikringsfondet si garantigrense) pr kunde 289 mill. kr eller berre omlag 13%. Banken sin LCR (Liquidity Coverage Ratio) er kalkulert til 150% mot anbefalt minstekrav på 100%.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter dei nye Basel II reglane er 357,9 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 19,19%. Kjernekapitalen er samstundes 298,7 mill. kr, eller 16,02%. I høve til minimumskrava er overdekninga 208,7 mill. kr.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNESKAPSPrINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

UTSIKTENE FOR 2013

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Vi forventar at rentenivået me har i dag vil halde seg nokolunde stabilt framover. Etter banken sin overgang som fullverdig medlem i Terra-gruppen, forventar ein lågare relative innkjøpskostnader på både drift og finansiering, noko som vil styrkja banken framover.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF

Vi stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for perioden 1. januar til 31. desember 2012 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gir eit rettvisande bilet av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gir eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Banksjef Jan Arveschoug eller ass. banksjef Einar Larsen tlf 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

	Alle tal i hele NOK 1.000				
	4. kv. 12	4. kv. 11	31.12.12	31.12.11	31.12.10
Renteinntekter og liknande inntekter	38.144	35.234	146.785	133.247	116.883
Rentekostnader og liknande kostnader	18.836	18.633	76.523	69.276	59.926
Netto rente- og kredittprovijonsinntekter	19.308	16.601	70.262	63.971	56.957
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0	0	2.538	2.655	6.159
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	1.205	1.170	4.781	5.375	6.258
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-917	-533	-2.351	-2.083	-2.024
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-1.196	2.894	1.223	-2.636	2.735
Andre driftsinntekter	210	262	726	819	757
Sum andre inntekter	-698	3.793	6.917	4.130	13.885
Sum netto inntekter	18.610	20.394	77.179	68.101	70.842
Løn og generelle administrasjonskostnader	11.301	7.991	35.048	31.975	28.864
Ordinære avskrivningar	579	617	6.232	2.389	1.544
Andre driftskostnader	291	1.467	4.981	6.176	5.762
Sum kostnader	12.171	10.075	46.261	40.540	36.170
Resultat før tap	6.439	10.319	30.918	27.561	34.672
Tap på utlån, garantiar m.v.	718	1.544	3.062	2.469	6.329
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0	0	-570
Netto tap og avskrivningar	718	1.544	3.062	2.469	5.759
Resultat før skatt	5.721	8.775	27.856	25.092	28.913
Skatt på ordinært resultat	1.777	1.722	6.992	7.661	7.748
Resultat for rekneskapsåret	3.944	7.053	20.864	17.431	21.165
Andre inntekter og kostnader					
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	-780	-37	-2.173	139	-3.720
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	210	-1	141	-50	-342
Sum andre postar	-570	-38	-2.032	89	-4.062
Totalresultat	3.374	7.015	18.832	17.520	17.103
Resultat pr. aksje	41,52	74,24	219,62	183,48	222,79
Utvatna resultat pr. aksje	41,52	74,24	219,62	183,48	222,79

BALANSE

EIGNELUTAR

	Alle tal i heile NOK 1.000		
	31.12.12	31.12.11	31.12.10
Kontantar og fordringar på sentralbankar	72.360	164.680	75.348
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar	118.981	26.206	16.349
Netto utlån og fordringar på kundar	2.804.073	2.609.003	2.367.339
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande			
verdipapir med fast avkastning	253.668	281.346	325.403
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	60.149	50.210	96.786
Immateruelle eignelutar	20.000	0	0
Finansielle derivat	406	0	0
Varige driftsmidlar	37.770	37.705	30.939
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og			
oppente ikkje mottekne inntekter	9.555	11.642	11.167
SUM EIGNELUTAR	3.376.962	3.180.792	2.923.331

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kreditinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.232.207	2.103.353	1.932.789
Obligasjons- og sertifikatgjeld	711.577	666.191	597.213
Finansielle derivat	643	501	471
Usett skatt	2.975	2.906	2.258
Anna gjeld	19.267	14.906	11.725
Påløpne kostnader og mottekne ikkje oppente inntekter	10.903	8.930	6.162
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	6.311	6.518	7.130
Ansvarleg lånekapital	85.000	84.440	84.898
Sum gjeld	3.068.883	2.887.745	2.642.646

EIGENKAPITAL

<i>Innskoten eigenkapital</i>			
Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning eigne aksjar	-15	-15	-6
Sum innskoten eigenkapital	9.485	9.485	9.494
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Annan eigenkapital	298.594	283.562	271.191
Sum opptent eigenkapital	298.594	283.562	271.191
Sum eigenkapital	308.079	293.047	280.685

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

Garantiansvar	51.276	34.869	34.926
Pantsetjingar	61.153	67.395	102.132
Eigenkapitaldekning	19,19 %	18,80 %	18,97 %
Gjenomsnittleg rådveldekapital	3.296.371	3.020.134	2.817.491

Voss, 22. januar 2013
Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Jorunn Lødemel
Styreformann
Åse-Karin Tennebekk


Dagnn Gjøstein


Stig Gunnar Røthe
Norvald Fretheim


Jan Arveschoug
banksjef

TAP PÅ UTLÅN

Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivingar
 Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivingar
 Endring i gruppevisе nedskrivingar
 Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for
 Konstaterte tap som det tidl. ikke er nedskrive for
 Inngang på tidlegare avskrivne tap

Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

	Alle tal i heile NOK 1.000	31.12.11	31.12.10
31.12.12	31.12.11	31.12.10	
1.790	-4.518	-566	
0	-130	1.295	
820	2.750	2.500	
480	5.119	3.238	
41	2	0	
-69	-754	-139	
3.062	2.469	6.328	

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån
 Individuelle tapsnedskrivingar

Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement
 Individuelle tapsnedskrivingar
 Netto tapsutsette ikke misleghaldne lån

Netto tapsutsette engasjement

37.338	27.528	23.581
5.455	3.285	7.228
31.883	24.243	16.353
75.905	62.716	78.420
22.201	22.530	23.199
53.704	40.186	55.221
85.587	64.429	71.574

SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån	2.849.305	2.651.574	2.411.772
Amortiseringseffekt individuelle nedskrivingar	0	993	899
Individuelle nedskrivingar / spesifiserte avsetjingar	-27.656	-26.808	-31.326
Gruppevisе nedskrivingar / uspesifiserte avsetjingar	-17.576	-16.756	-14.006
Netto utlån til kundar	2.804.073	2.609.003	2.367.339

KAPITALDEKNING

	31.12.12		31.12.11		31.12.10	
	Berekningsgrunnlag	Kapitalkrav	Berekningsgrunnlag	Kapitalkrav	Berekningsgrunnlag	Kapitalkrav
Lokale og regionale styresmakter	0	0	516	41	0	0
Institusjonar	68.004	5.440	65.217	5.217	76.950	6.156
Føretak	325.886	26.071	579.288	46.343	523.845	41.908
Massemarknad	0	0	0	0	0	0
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.136.304	90.904	766.336	61.307	708.667	56.693
Forfalne engasjement	18.292	1.463	66.539	5.323	74.489	5.959
Obligasjonar med fortrinnsrett	5.532	443	10.998	880	5.995	480
Andelar i verdipapirfond	6.070	486	7.445	596	14.739	1.179
Andre engasjement	189.723	15.178	316.692	25.335	272.015	21.761
Sum kredittrisiko	1.749.811	139.985	1.813.031	145.042	1.676.700	134.136
Operasjonell risiko	133.037	10.643	126.838	10.147	121.862	9.749
Frådrag for gruppevisе nedrivingar	-17.576	-1.406	-16.756	-1.340	-14.006	-1.120
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	0	0	0	0	0
Samla kapitalkrav	1.865.272	149.223	1.923.113	153.849	1.784.556	142.764
 Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- eigne aksjar	-15		-15		-6	
Annan eigenkapital	274.245		257.657		246.337	
Fondsobligasjoner	35.000		34.440		35.000	
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	-20.000		0		-2.386	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar			0		0	
Sum kjernekapital	298.730	16,02	301.582	15,68	288.445	16,16
 Fond for urealiserte verdiendringar	9.195		9.914		0	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	50.000		50.000		50.000	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
Sum tilleggskapital	59.195	3,17	59.914	3,12	50.000	2,80
 Sum ansvarleg kapital	357.925	19,19	361.496	18,80	338.445	18,97

ENDRING I EIGENKAPITALEN

Eigenkapital ved inngangen til året

Utbetalt utbytte førre år

Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal

Kjøp / sal eigne aksjar

Resultat i perioden

Eigenkapital ved periodeslutt

	31.12.12	31.12.11	31.12.10
Eigenkapital ved inngangen til året	293.047	280.685	268.154
Utbetalt utbytte førre år	-3.800	-4.940	-4.750
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	-2.032	89	-4.062
Kjøp / sal eigne aksjar	0	-218	178
Resultat i perioden	20.864	17.431	21.165
Eigenkapital ved periodeslutt	308.079	293.047	280.685

KONTANTSRAUMOPPSTILLING

Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalingar

Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalingar

Andre innbetalingar

Driftsutbetalingar

Inngått på tidlegare avskrivne konstaterete tap

Utbetalt utbytte

Betalte skattar

Tilført frå verksemda

Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar

Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar

Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar

Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld

Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar

Auke (-) / reduksjon (+) i kortskiktige verdipapir

Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar

Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld

Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital

Auke (-) / reduksjon (+) i eigne aksjar

Netto kontantsraum frå dagleg finansiell verksemd

Investert i varige driftsmidlar

Investert i immatrielle eignelutar

Avgang varige driftsmidlar, til salssum

Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir

Netto kontantsraum frå investeringar

Netto endring likvidar

Likviditetsbeholdning ved inngangen til året

Likviditetsbeholdning ved periodeslutt

Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:

Kontantar og fordringar på sentralbankar

Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid

Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt

Alle tal i heile NOK 1.000

	2012	2011	2010
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalingar	157.681	143.318	122.639
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalingar	-78.083	-69.397	-60.886
Andre innbetalingar	4.439	3.586	7.365
Driftsutbetalingar	-43.581	-40.848	-33.407
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterete tap	69	754	140
Utbetalt utbytte	-3.800	-4.940	-4.750
Betalte skattar	-6.964	-5.491	-8.662
Tilført frå verksemda	29.761	26.982	22.439
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-198.252	-245.550	-190.224
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	128.854	170.564	159.455
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	45.386	69.191	-50.000
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	-29	-37	1.744
Auke (-) / reduksjon (+) i kortskiktige verdipapir	26.288	-31.732	-67.356
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	4.704	1.701	951
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	0	60.000
Auke (-) / reduksjon (+) i eigne aksjar	0	-217	181
Netto kontantsraum frå dagleg finansiell verksemd	6.951	-36.080	-85.249
Investert i varige driftsmidlar	-2.581	-9.155	-1.400
Investert i immatrielle eignelutar	-23.715	0	0
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	-9.961	117.442	38.544
Netto kontantsraum frå investeringar	-36.257	108.287	37.144
Netto endring likvidar	455	99.189	-25.666
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	190.886	91.697	117.363
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt	191.341	190.886	91.697
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	72.360	164.680	75.348
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	118.981	26.206	16.349
Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt	191.341	190.886	91.697